

Miljøvern-
departementet

KONGELIG RESOLUSJON

Statsrådsak nr.

OPPRETTING AV TROLLHEIMEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE I RINDAL,
SURNADAL OG SUNNDAL KOMMUNAR I MØRE OG ROMSDAL FYLKE OG
MELDAL, RENNEBU OG OPPDAL KOMMUNAR I SØR-TRØNDELAG FYLKE,
OG OPREPPTING AV SVARTÅMOEN NATURRESERVAT I RINDAL OG
SURNADAL KOMMUNAR I MØRE OG ROMSDAL FYLKE.

Miljøverndepartementet legg med dette fram forslag til
skiping av Trollheimen landskapsvernombåde i Rindal,
Surnadal og Sunndal kommunar i Møre og Romsdal fylke og
Meldal, Rennebu og Oppdal kommunar i Sør-Trøndelag fylke,
og opprettig av Svartåmoen naturreservat i Rindal og
Surnadal kommunar i Møre og Romsdal fylke.

Forslaget om Trollheimen landskapsvernombåde omfatter eit
areal på 1 165 km². Området grenser inn til Innerdalen
landskapsvernombåde, oppretta ved kgl.res. av 31.03.67
(rev. 17.06.77), på 73 km². Forslaget om Svartåmoen
naturreservat omfatter eit areal på 4,5 km².

Den rike fjellfloraen og innslaget av dalføre under
skoggrensa inn i Trollheimen gjer at området som fjell-
område har ein større variasjon i naturtypar enn noko anna
verneområde i Noreg. Artstalet for planter og dyr er
høgare i Trollheimen enn i andre kjende norske fjellstrok.
Trollheimen har frå langt attende vore brukt som kjelde til
oppleving. Området er i dag eit mykje nytta turområde både
sommar og vinter.

Svartåmoen er eit tilnærma urørt og urskogprega område med
furuhogskog og lauvskog av stor referansemessig og naturvit-
skapeleg verdi.

Sakshandsaming:

På 60-talet og byrjinga av 70-talet vaks tanken om særskild
vern av Trollheimen fram. Dette førte til at professor
Olav Gjærevoll i 1973 la fram forslag om ein nasjonalpark i
Trollheimen.

Trollheimsutvalet med representantar frå alle dei 6
Trollheimskommunane og dei to fylkeskommunane vart

oppnemnt i 1977. Utvalet sende eit forprosjekt for ein verneplan på lokal høyring i 1978.

Utvalet sitt planutkast forelåg i 1980 og blei med mindre endringar sendt på lokal høyring av fylkesmennene i Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag i 1982. Utkastet blei sendt på sentral høyring av Direktoratet for naturforvaltning 14.05.86.

Forutan berørde departement med underliggende sentrale organ, har og følgjande organisasjonar og offentlege instansar hatt planen til uttale:

Møre og Romsdal fylkeskommune, Sør-Trøndelag fylkeskommune, Fylkeslandbruksstyret i Møre og Romsdal, Fylkeslandbruksstyret i Sør-Trøndelag, Fylkesfriluftsnemnda i Møre og Romsdal, Fylkesfriluftsnemnda i Sør-Trøndelag, Statens Naturvernråd, Statens Friluftsråd, Samarbeidsrådet for naturvernsaker, Norske Turistforeningers Forbund, Norges Naturvernforbund, Natur og Ungdom, Norges Jeger- og Fiskerforbund, Norsk Ornitologisk Forening, Norsk Zoologisk Forening, Norsk Botanisk Forening, Norsk Geologisk Forening, Verdens Villmarksfond, Norges Bondelag, Landbrukets Utmarkskontor, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Norges Skogeierforbund, Norske Samers Riksforbund, Norske Reindriftssamers Landsforbund, Norsk Sameråd, Samenes Landsforbund, Reindriftskontoret, Forsvarets distriktsingeniør, Trøndelag, Universitetet i Trondheim, Museet, Turistsjefen i Sør-Trøndelag, Trondhjems Turistforening, Kristiansund og Møre Turistforening, Møre og Romsdal bondelag, Sør-Trøndelag bondelag, Møre og Romsdal bonde- og småbrukarlag, Sør-Trøndelag bonde- og småbrukarlag, Møre og Romsdal skogeigarlag, Sør-Trøndelag skogeigarlag, Utmarkslaget i Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag Naturvern, Møre og Romsdal Naturvern, Møre og Romsdal Jeger- og Fiskerforbund, Sør-Trøndelag fylkeslag av NJFF, Norsk Ornitologisk Forenings fylkesavdelingar i Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag, Norsk Botanisk Forening, avd. Trøndelag, Rindal kommune m/lokale nemnder, Surnadal kommune m/lokale nemnder, Sunndal kommune m/lokale nemnder, Meldal kommune m/lokale nemnder, Rennebu kommune m/lokale nemnder, Oppdal kommune m/lokale nemnder, kommunale/lokale bondelag, kommunale/lokale bonde- og småbrukarlag, kommunale/lokale skogeierselskap, Todalen utmarkslag, Rindal jakt og fiskarlag, Sunndal Jeger- og Fiskerforening, Surnadal viltlag, Oppdal Jæger- og Fiskarlag, Meldal Jakt- og Fiskarlag, Jøldal veglag, Todalen Naturvernlag, Oppdal Naturvern, Rindal Ornitologiske Forening, Sunndal Zoologiske Forening.

Heile Trollheimen er privat grunn. Alle grunneigarane, i den grad dei er kjende, samt lokale grunneigarlag, sameige, utmarkslag, elveeigarlag, Oppdal bygdeallmenning, og Sigwart Renander (reineigar) har hatt planen til uttale.

Avgrensing:

Trollheimsutvalet la fram to alternativ til avgrensing av Trollheimen landskapsvernområde. Dette var grunna i at deler av utvalet ikkje ønskte å stenge for ei eventuell kraftutbygging i Todalsvassdraget. Ved handsaminga av St.prp. nr 89 (1984-85) (Verneplan for vassdrag) i Stortinget blei Todalsvassdraget med nedbørsfelt varig verna mot kraftutbygging jf. Innst. S.nr. 243 (1985-86) og vedtak i Stortinget 18. juni 1986. Miljøverndepartementet vil påpeike dei store naturvern-, kulturvern-, og friluftslivsinteressene som finst i dei områda som ville falle utafor ved det minste alternativet. Departementet vil og understreka at det største alternativet vil styrka opplevinga av Trollheimen inkl. Innerdalen som eitt samanhengande fjellområde. Miljøverndepartementet støttar fylkesmennene i Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag sine forslag om det største alternativet til avgrensing.

Trollheimsutvalets forslag om å ta med store delar av den regulerte Gråsjøen i verneområdet vert m.a. støtta av Fylkesmannen i Sør-Trøndelag, Trondhjems Turistforening, Norske turistforeningers forbund, Sør-Trøndelag Naturvern og Statens friluftsråd utifra ønsket om å kunne regulera ferdsselen på sjøen som går heilt inn mot dei mest sentrale og sårbare delane av Trollheimen.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal meiner det er lite heldig å ha ein sjø med reguleringshøgd på 60 m i eit naturverna område, og foreslår vernegrensa trekt langs høgste regulerte vasstand rundt Gråsjøen. Miljøverndepartementet støttar Fylkesmannen i Møre og Romsdal si vurdering med omsyn til avgrensinga, men vil likevel understreka at det kan vera naudsynt med ei strengare regulering av motorbåtferdselen på Gråsjøen for å sikra verneføremålet. Miljøverndepartementet vil i den samanheng peika på at det med heimel i lov om motorferdsel i utmark § 4, siste ledd, evt. § 7, siste ledd kan fastsetjast nærmere føresegner for slik motorferdsel.

Olje- og energidepartementet peiker på at eit kraftprosjekt i Erga (Småvoll) dels fell innanfor grensa for landskapsvernombrådet. Alternativ A har eit kraftpotensial på 26 GWh og medfører ei regulering av Kråkvatn på 4 m og ei kraftline innafor verneområdet.

Alternativ B utan regulering av Kråkvatn og med eit inntak i Erga heilt i ytterkant av verneområdet har eit kraftpotensial på 25 GWh. I St.meld. nr 53 (1986-87) om Samla plan er alt. A plassert i kat. III m.a. på grunn av konflikten med landskapsvernombrådet, alt. B er plassert i kat. I.

Miljøverndepartementet meiner at ei utbygging etter alt. B kan aksepterast. Når ei slik utbygging evt. blir aktuell, må departementet vurdera om det skal føretakast ei grenseendring, eller om grensene skal oppretthaldast med den reduserte utbygginga innanfor. Vernereglane gjer unntak for utbygging etter alt. B.

Fylkesmannen i Sør-Trøndelag ber på grunnlag av uttaler frå m.a. Oppdal kommune om at grensa inst i Storlidalen blir justert noko slik at ein grunneigar kan fortsetja eit skiferbrot. Miljøverndepartementet støttar denne endringa.

Trollheimsutvalet går inn for å oppretthalde Innerdalen landskapsvernområde som i dag med same reglar. Ingen høyningsuttaler går mot dette. Miljøverndepartementet støttar dette forslaget.

M.a. Norges Naturvernforbund, Fylkesmannen i Sør-Trøndelag og Fylkesmannen i Møre og Romsdal peikar på at Svartåmoen naturreservat må utvidast til å omfatta større delar av Svartåmoen, grunna dei særer store verneverdiene skogen har i dette området. Norges Bondelag o.a. går mot opprettning av Svartåmoen naturreservat.

Miljøverndepartementet kan ikkje sjå at det er grunnlag for å fremja forslag om utviding av Svartåmoen naturreservat no. Departementet er likevel klår over dei store verneverdiene som finst i området og vil be forvaltningsstyremakta følgja nøye med i utviklinga i området, og dersom tilhøva tilseier det, vurdera kva tiltak som kan vera naudsynte for å sikra området.

Bruk av området i dag sett i høve til vernereglane:

Televerket peikar på at det kan vera aktuelt å byggja ei teleline/telefonkabel i området. Miljøverndepartementet har endra vernereglane, pkt 1.3.a, slik at forvaltningsstyremakta på nærmere vilkår kan gje løyve til slik framføring etter søknad.

Bl.a. fleire av grunneigarane, Norges Bondelag og Norges Skogeierforbund har peika på landbruksinteressene i området. Fylkesmannen i Møre og Romsdal peikar på at dei avgrensingane i landbruksdrifta som det er gjort framlegg om, er svært liberale, og vil understreka at landbruket sine interesser er tekne vare på i rimeleg grad.

Miljøverndepartementet vil peika på at etter ordlyden i vernereglane kan tradisjonelt landbruk i hovedsak halda fram som før. Når verksemda kan skje utan at det stirr mot føremålet med vernet, kan det, når det er naudsynt, på nærmere vilkår gjevast løyve til snauhogst av flater større enn 5 daa og andre tiltak i samband med skogbruksverksemd.

Reindriftsinteressene er i hovedsak positive til vern dersom vernereglane vert utforma slik at reindrift ikkje vert hindra.

Lov 21. desember 1984 nr. 101 om "Reindrift i kommunane Meldal, Midtre Gauldal, Oppdal, Rennebu, Rindal, Sunndal og Surnadal" har som føremål å sikra fortsatt samisk reindrift i Trollheimenområdet, om naudsynt ved oreigning av rett til reindrift. Det er sikra leigeavtaler for reineigarane med dei grunneigarane som har vore villige til det. For å sikra tilstrekkelige areal har regjeringa i kgl.res. av 26.06.87 gjort vedtak om oreigning av rett til utøving av reindrift.

Arealet som er oreigna er avgrensa til Oppdal og Surnadal kommunar. Oreigninga omfatter rett til opphold og flytting av rein, rett til beite for rein etter nærare løyve.

Miljøverndepartementet vil peika på at for dei areal som vert liggjande innafor Trollheimen landskapsvernområde gjev vernereglane generelt løyve til vedlikehald av dei bygningars og anlegg som no er. Oppføring av nye bygningars, gjerde og andre anlegg krev dispensasjon.

Fylkesmannen i Sør-Trøndelag og Fylkesmannen i Møre og Romsdal og fleire organisasjonar påpeiker at reglane for motorferdsle i Trollheimen må formulerast slik at ein kan halda denne ferdsla under kontroll. Det vert samstundes peikt på at reglane ikkje må føra til for store ulemper for dei som driv landbruk eller anna næringsverksemd i området.

Miljøverndepartementet vil påpeika at det i samband med forvaltning av verneområdet er naudsynt å ha oversyn over kven som til ei kvar tid har løyve til å ferdast i området med motorkøyretøy. For dei som driv landbruksverksemd i området bør det kunne gjevast løyve etter nærare reglar for periodar opp til eitt år om gangen.

Landbruksdepartementet uttaler at det må gjerast generelt unntak for bruk av snøscooter i samband med reindriftsutøving.

Miljøverndepartementet føreslår å endra vernereglane på dette punktet slik Landbruksdepartementet ber om. Departementet finn at forvaltningsstyremakta sitt høve til kontroll er stetta ved at det i Trollheimenområdet vert nytta særskilde skilt for reindriftsutøvarar utstedt av reindriftsagronomen i Sør-Trøndelag og Hedmark. Bruk av slike skilt er i vernereglane sett som vilkår for det generelle unntaket. Avgjerande for endringsframlegget er også at tilhøva i reindriftsnæringa i Trollheimen er oversiktlege, med eit avgrensa tal utøvarar.

Det er ein del jakt- og fiskeinteresser i området. Opprettning av landskapsvernområdet vil ikkje endra reguleringa av desse aktivitetane. For dyrelivet og høvet til jakt, fangst og fiske vil reglane i viltlova og innlandsfiskelova med tilhøyrande forskrifter gjelde på vanleg vis.

Trollheimen har eit særmerkt planteliv som departementet ser det som viktig å ta vare på. Korkje §§ 5-6 om landskapsvernområde eller § 13 i naturvernlova gjev heimel for ei ålmenn plantefreding. Departementet vil vera merksam på dette i samband med revisjon av reglane i naturvernlova. Slik dei no lyder, finn departementet at ein berre kan freda planter og plantesamfunn som er sjeldne i fjellheimen. Det er ei mengd slike i Trollheimen, og ei freding av desse vil verka som ei rettsleg bindande oppmoding til å vera varsam med plantelivet. Forvaltningsstyremakta bør følgje med i om denne ordninga gjev godt nok vern for plantelivet, eller om det td trengst ei totalfreding av plantesamfunna i utvalde, mindre område.

Trollheimen er mykje brukt til ski- og fotturar. Turistforeningane har fleire turisthytter og mange merka løyper i

Trollheimen. Vernereglane tillet vedlikehald av desse og det kan gjevast løyve til bygging og fornying av turisthytter og anlegg for friluftslivet og opparbeiding av nye touristleier og løyper.

Samarbeidsutval

Trollheimsutvalet foreslår at det vert oppretta eit tilsynsutval som omfattar representantar frå dei seks Trollheimen-kommunane samt dei to fylkeskommunane. Ei rekke lokale og sentrale høyringsorgan har støtta forslaget om eit tilsynsutval, sjølv om det er usemje om utvalet skal ha avgjerande eller rådgjevande funksjon. Norges Bondelag, Norges Naturvernforbund og Norsk Sameråd går inn for interesserepresentasjon i eit tilsynsutval. Miljøverndepartementet er enig i at det blir oppretta eit slikt utval med rådgjevande funksjon og gjer framlegg om at det vert kalla samarbeidsutval. Departementet meiner at samarbeidsutvalet bør ha uttalerett i større, prinsipielle eller vanskelege saker der det er særskild trøng for ei omfattande drøfting i eit organ som er samansett med representantar frå alle kommunar og fylkeskommunar. Ein slik uttalerett saman med ei orientering i andre saker, vil sikra at dei kommunar og fylkeskommunar det gjeld, får del i ansvaret for, og utviklinga av forvaltninga av verneområdet. Dette vil og vera med på å sikra ei lik praktisering av reglane i dei ulike kommunane. Av administrative og økonomiske grunnar ønsker departementet å avgrensa talet på medlemmer i samarbeidsutvalget. Med det relativt høge talet på berørde kommunar (6), tilrår vi at samarbeidsutvalet for Trollheimen vert samansett av ein representant for kvar kommune og ein frå kvar fylkeskommune og at interesseorganisasjonar ikkje vert representerte.

Administrative og økonomiske konsekvensar

Forvaltinga av dei to verneområda vil gå inn i fylkesmannen i Møre og Romsdal og fylkesmannen i Sør-Trøndelag si generelle forvaltning av verna område i fylka, både når det gjeld grensemerking og dagleg forvaltning. Utgiftene vil verta dekka av løyvinga til fylkesmennene innafor dei rammer som til ei kvar tid gjeld.

Miljøverndepartementet

t i l r å r:

I

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63 § 5 og 13, jfr. § 6 og §§ 21, 22 og 23 blir eit område i Rindal, Surnadal og Sunndal kommunar, Møre og Romsdal fylke og Meldal, Rennebu og Oppdal kommunar i Sør-Trøndelag fylke, lagt ut som landskapsvernområde under namnet Trollheimen landskapsvernområde i samsvar med vedlagte vernereglar.

II

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63 § 8, jfr. § 10 og §§ 21, 22 og 23 blir eit område i Rindal og Surnadal kommunar, Møre og Romsdal fylke, freda som naturreservat under namnet Svartåmoen naturreservat i samsvar med vedlagte vernereglar.

III

Desse reglane trer i kraft straks.